## Boka om Gustaven i nytt opplag

30.09.2008




**Ånung Homme i Setesdalsforlaget fortel at dei framleis får inn nye tingingar på boka til Olaf Agnar Gausvik om Gustav Bergstø og at dei difor har bestemt seg for å trykkja opp eit lite ekstra opplag på 100 bøker.**

Både einskildpersonar, landhandelen i Sunndal og bokhandelen på Husnes har etterspurt fleire eksemplar og om nokre veker vil andreopplaget vera på plass i hyllene, hos forlaget og i Gausvik skrivestove.

- Det er tydeleg at denne fargerike personen hadde mange gode vener og kjende som tykte om innsatsen hans, seier Homme, som tykkjer det er umåteleg trist av Bergstø ikkje sjølv fekk oppleva å sjå boka ferdig.